

MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 05.03.20 klokka 19.00 -22.00

Stad: Banken

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Randi Legård

Andre til stades på møte: Heine Eikemo, Svein Myrheim

Saker til styremøtet

Sak 18/20: Status tilstand på stølane på Haukeli

Sak 19/20: Forespørsel om samarbeid frå Røde kors

Sak 20/20: Planlagt transport til fjellstyrehytten

Sak 18/20: Status tilstand på stølane på Haukeli

Saksdokument:

2020.03.02 Kostnadsdeling Midtfjellsdalen

2020.03.05 Leigekontrakt Ulvabotnen

2020.02.28 Utbetring Ståvassvikja

Saksutgreiing:

Tor Helge har hatt ein gjennomgong av tilstanden til dei fire stølshusa som Fjellstyret eig på Haukeli, og tiltaka som er tenkt iverksett i nærmeste framtid.

Nupshadlene:

Tilstanden antas å vera i orden, då ein ikkje finn noko informasjon som skulle tilseie noko anna.

Fjellstyret registererer at det berre er eit år att av perioden der det var avtalt at leigetakar kunne få setje opp nye stølshus.

Ulvabotn:

Tilstanden på stølshuset er slik at det må gjerast eit større arbeid. Omfanget på dette må kartleggjast før ein gjere noko vidare. Fjellstyret velger difor å tilby førre leigetakar ein eit års kontrakt, slik at han kan ha tilsyn med husa i mellomtida. Utleigekontrakt er skrevet.

Midtfjellsdalen:

Vinduer og dører er handla inn til stølshuset. Vidare er det sendt førespurnad til fjelloppsynet om dei har moglegheit til å utføre arbeidet. Dette har dei sagt seg villige til. Forslag til kostnadsdeling er sendt leigetakar, dette har han no svart på. Leigetakar skisserar i brevet at standarden på stølshuset ikkje lenger oppfyller dagens behov, noko dei tenkte investeringane heller ikkje vil endre på.

Ståvassvikja:

Hyta er bra vedlikehaldt, men dessverre sviktar grunnmuren. Reperasjonane som er nødvendige for å få stabilisert kan visa seg å vera betydelege. Om desse vert utført, så vil det likevel ikkje vera nokon garanti for at ein ikkje kjem i same situasjonen att om nokon år. Ein har ikkje moglegheit til å ta att tørrsteinsmuren utan større investeringar. Kontrakten med novarande leigetakerar gjeld til og med 2023. Hyta er i alle fall 90 år gamal, og problemene har oppstått no nylig. Forsikringsselskapet har ikkje vorte involvert.

Framlegg til vedtak:**Nupshadlene:**

Tor Helge tar kontakt med leigetakar for å få ei lita oppdatering med tanke på tilstanden til stølen, og status på byggjeplanane.

Ulvabotn:

Fjellstyret godkjenner kontrakten. Tor Helge sørger for at kontrakten vert underskrevet.

Midtfjellsdalen:

Håkon og Andre kontaktar leigetakar og avtalar eit møte med han. Fjellstyret ynskjer å leggje ein framtidsretta plan for vidare drift av stølen. Ynskjer difor eit møte der leigetakar kan kome med sine tankar rundt dette.

Ståvassvikja:

Svein sjekker ut moglegheiten for at forsikringa kanskje dekkjer dette. Viss ikkje kjem berre fjellstyret til å gå for «avbøtande tiltak i denne omgong». Det vil seia jekke hytta opp for så å shimse opp tørrsteinsmuren. Videre så må også søylene i tilbygget stabiliserast. Tor Helge avventer svar angåande forsikring, og tar kontakt med snikker etter at dette er sjekka opp.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 19/20: Forespørsel om samarbeid frå Røde Kors

Saksdokument:

2020.03.05 Forespørsel om samarbeid frå Røldal Røde Kors.pdf

Saksutgreiing:

Fjellstyret har fått forespørsel frå Røldal Røde Kors om muligheten for å gjenoppta tidlegare samarbeid, der Røde Kors fraktar ved, gass o.l. inn til fjellstyrehyttene, og transporterer heim att søppel o.l.. Då hyttene er plassert i områder der Røde Kors ofte risikerer å få oppdrag, vil desse transportoppdraga vera ein gylden mulighet for Røde Kors å gjøre seg betre kjent i områda utan å vera på aksjon.

Tidlegare fjellstyre sjekka denne avtalen med tilsynsutvalet for Hardangervidda i mars 2012. Den vart då gjeve deira velsigning, også på kommunal grunn.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyret er positive til å gjenoppta samarbeidet med Røldal Røde Kors. Fjellstyret delar Røde Kors sitt syn på at denne avtalen må vera gunstig for alle partar. Med bakgrunn i dette, vil Røde Kors i 2020 bli tilbydd ein tur til kvar av fjellstyrehytteiene (Eriksbu, Gamlabua og Ninive). Fjellstyret set som vilkår at transporten vert utført så snart vèr og føre tillet det, då det er noko usikkert kor lenge køyreløyvene er lovlege i år. Røde Kors tar kontakt med Tor Helge i så god tid som råd for å organisere transporten. Fjellstyret betaler totalt 3000 kroner for transporten. Scooterførerane (med følgje) står sjølv sagt fritt til å ta ei (gratis) overnatting eller to når dei først har kome seg til fjells!

Vedtak:

Samrøystes

Sak 20/20: Planlagt transport til fjellstyrehytteiene**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreing:

Fjellstyret har fått følgjane vareoppeling frå HF:

Ninive: 2 gassdunkar, 15 sekkar ved

Gamlabue: 1 gassdunk, 16 sekkar ved, ei tom halvflaske gass, ikkje søppel

Eriksbu: 1 gassdunk, 11 sekkar ved, 3 sekkar søppel

Følgjande påfyll er ynskja:

Ninive: 10 sekkar ved

Gamlabua: 1 gassdunk, 10 sekkar ved

Eriksbu: 20 sekkar ved

I Eriksbu må det sjekkast at det er fleire fulle flasker på lager. Mest sannsynleg så står det eit par flasker i ein av boksane i uthuset. Stemmer ikkje dette, så me det kjøpast inn ei ny flaske der og.

Søppeldunkane må sjekkast, og eventuelt søppel må kyrast heim frå hyttene. I Eriksbu er det tre sekkar søppel. I tillegg så er dassen fylt opp med diverse søppel/returlass som også må transporterast heim.

Endringa av kodane til kodeboksane på fjellstyrehytteiene har ikkje fungert som planlagt. Fjellstyret endrer difor også kodane på alle hyttene til ein ny og betre i løpet av våren.

Diverse anna som skulle vore til fjells:

- Vedakassar med lokk visar seg å vera ein utfordring å få tak i. Representantane prøver så godt dei kan å finne fornuftige alternativer. Det må skaffast fire slike vedakasser (1 Ninive, 1 Gamlabua, 2 Eriksbu).
- Båtane i Hedlevass er no låst med systemlås. Tor Helge kjøper inn nye rustfrie kodelåsar til desse. Totalt 3 stykk.
- Tor Helge kjøper inn material og utstyr til å lage eit betre båtopplegg også ved Uravatnet.

- Tor Helge kjøper inn material til nye benker utføre Eriksbu.

Det er også ynskjeleg at fyrste mann til fjells tar mål av vedakassane, og tar ein titt om hyttene har det som trengs av anna nødvendig utstyr. Sjekk spesielt om det er oskespade/bøtta i Gamlabua og Ninive.

Fyrstemann inn sjekker lagerbehandlinga av:

- Dasspapir
- Tørkepapir
- Stearinlys
- Fyrstikker
- Såper (til golv, oppvask og hender)

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret handler inn det som er nemnt i saksutgreiinga. Tor Helge informerer Røde Kors om transportbehovet og dei andre tiltaka nemnt over.

Vedtak:

Samrøystes